

Selma Ovidia(12 år) deltok på TV-aksjonen for tolvte gang.

23.10.2016



Selma Ovidia saman med broren Håkon og mora Anne Irene. Alle tre er flinke innsamlarar!

12 år gamle Selma Ovidia Guddal Tarberg har ei flott rekkje å visa til i samband med den årvisse TV-aksjonen. Ho har vore med på innsamlinga i 12 gonger! Den rekorden er ikkje mogeleg å slå. Den kan berre tangerast! Og faktisk kan nestemann som klarer det vera veslebror hennar, Håkon, på 3 år. Han har vore med kvart år.



Mange stilte opp for å hjelpe. her ein del av køen.

Vi har tru på at dei kan takka mora, Anne Irene Guddal Tarberg, for at dei har kome så godt i gang med å gjera ein så flott og viktig innsats. Ho har nemleg gått med bøsse til TV-aksjonen kvart einaste år etter at familien flytta til Uskedalen. Også i andre innsamlingsaksjonar deltar familien svært gjerne.

I årets innsamling var det 15 registrerte innsamlarar fordelt på 8 ruter, men det var mange fleire som var engasjert i innsamlinga. Særleg kjekt vart det at fleire av dei hadde born og ungdommar med seg på innsamlingrundene. Det er svært gjevande å samarbeida på tvers av generasjonar i slike samanhengar. I tillegg trur eg det måtte vera rekorddeltaking av menn i år. Eg såg heile 4 flinke karar!

Rodeleiar Helene Huse Bjørnebøle organiserte innsamlingsarbeidet godt frå basen i Gamleskolen. Ho var fornøgd med avviklinga, og innsamlarane kunne melde tilbake at det var forholdsvis mange hus det ikkje var folk heime i. Desse kan likevel støtta aksjonen, og mulighetene er fleire:

- **SMS:** send **TVA** til **2133**(250,-kr)
- **Vipps:** valgfri sum til **2133**
- **mCASH** valgfri sum til **2133**
- **Ring:** **822 06 006** (250,-kr)
- **TV-aksjonskonto:** **8380 08 09005**.

Rodeleiar Helene Huse Bjørnebøle bed oss om å overbringa takk til alle som støtta saka, og til alle som så velvillig stilte opp som bøsseberarar. Aller største takka bør gå til Helene sjølv som melde seg kjapt som rodeleiar då behovet oppstod.

Desse 15 var bøsseberarar:

Åse Myklebust, Hilde Bringedal, Erlend Bjørnebøle, Konstane Tveit, Gina Hella Berge-Soldal, Ingunn E. Myklebust, Marita Kjærland, Marian Hauso, Haldis Aakra, Anne Irene G. Tarberg, Møyfrid Kristoffersen, Hanne S. Kroka, Steinar Kroka. Ingunn K. Raudstein og Thor Inge Døssland.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland